

Referat styremøte

Tid: 10. mars 2010, kl 21:00

Stad: Førdehuset

Tilstades: Rune Berge, Jaana Jensen, Guttorm Kleppe og Ina Bruland

Skrivar: Guttorm Kleppe

1. Ny tilkomst til sjø

- a. Gjennomgang og diskusjon rundt det med og bygge flyttebrygge og trapp for og kunne sjøsette kajakkar ved naust, på innsida av moloen.
- b. Rune informerte om prosess med og innhente tilbod på brygger.
- c. Rune og Guttorm blir og fortsette arbeid ny tilkomst til sjø.

2. Turplan

- a. Ina og Jaana blir og prøve få til nokre turar i klubbsamanheng i 2010. Og vil lage opplegg, turplan, pakkeliste og informasjon til medlemmane.
- b. Forslag om at styremedlemmar brukar jungeltelegrafen, for og få med vener og kjente med på tur. Der ein hjelper dei som synest det kan vere vanskeleg og bli med i etablerte gjengar.

3. Nast

- a. Guttorm informerte om framdrifta med naustombygginga.
- b. Det vil bli støypt golv i naust når telen har gått ut av bakken.
- c. Vill prøve få fullført beising av naust i løpet av sommaren.

4. Temakveldar

- a. Guttorm blir og ha temakveld for dei som skal vere torsdagsansvarlege.
- b. Jaana og Ina vill prøve få til temakveldar om førstehjelp, kajakkleik, navigasjon, redningsteknikkar, reparasjon av kajakk, fisking og overleving på det som sjøen har og gi.

5. Elv

- a. Ronny og Guttorm vill prøve få til diverse aktivitet med elvepadling i 2010.

6. Torsdagspadling

- a. Forslag om at styremedlemmar bruker jungeltelegrafen til og få med folk på torsdagspadling, tidleg i sesongen. Så ein på den måten kan stimulere til større aktivitet og deltaking på treningane.
- b. Kan sende ut SMS til ein del medlemmar, der ein ber dei om og ta med nokon på trening.